



**ØY
GARD
EN**

Ulveset skule

Referat frå møte i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet 02.12.2024

Til stades: Silje Ulveseth (leder FAU), Marielle Torsvik (SMU representant), Julie Ulveseth (leder elevrådet), Emmeline Fauske – Olsen (elevrådet), Tea Mangerøy Fauske (elevrådet), Tove Lise Tangen (lærer), Maren Nakken (helsesjukepleiar), Giske Kjeilen (fagarbeidar), Kathrine Rykkje (miljøretteleiar), Cecilie Dahl (rektor).

Meldt forfall: Lars- Olav Hjartøy (politisk representant), Ricard Cudmor (nestleiar FAU), Matheo Bowitz (elevrådet).

Saksliste:

1) **Saker frå elevrådet**

Informasjon om ryddekonkurranse i desember.

Tilbakemelding til FAU etter Halloween feiringa:

God mat og drikke. Godt merka i forhold til allergiar.

Saknar konkurransar, leikar (dansenleikar), catwalk, framsyning av kostyme.

Dumt at det ikkje var lov å gå ut, og kome inn igjen.

Elevane ynskjer at FAU starter klubb ein ettermiddag i veka. Gjerne om torsdagen, då FAU har gymsalen denne dagen. Dette i tillegg til det som er i Fjell kirke (Tweens) og på Skålevik (Nest-Sotra), som er anna kvar fredag. Elevane tenkjer at det kan bli mindre uheldige episodar i nabolaget dersom dei har noko å gjere.

Det er starta opp med VI-leker i storefri, og om fredagen er det musikk i storefri.

Dette er populært.

2) **Saker frå skulen:**

Gjennomgang av:

Forslag til skuleruten 2025-26

Forskrift hovudmål

Forskrift permisjon grunnskule

Forskrift skulereglar

3) **Saker frå FAU:**

FAU har lurt på om dei skal ha ein reflekskonkurranse.

Elevane synast dette er ein god ide, og tenkjer premie vil hjelpe. Is til heile klassen er ein fin premie. Betre å ha premie til heile klassen, og ikkje til enkeltelevar.

Lys ved overgangsfeltet

Det er meldt inn behov for meir lys ved overgangsfeltet til eigedomsavdelinga. Tilbakemeldinga er at det ikkje er pengar til dette i år. Saka vil bli tatt opp att til neste år.

Natteravn på Ulveset

Det er veldig positivt at det er starta opp Natteravn på Ulveset. Det blir fortalt at det er mykje aktivitet rundt bingen ved Kiwi. Natteravnane vert anbefalt å gå der. Elevane fortel at dei er ute stort sett heile året, ikkje bare sommerhalvåret. Dei tenkjar at det er viktig at foreldra tar seg ein tur ut, og følgjer med på kva ungane gjer på. Snakk gjerne med dei unge som er ute, er oppfordringa frå elevane.

Trygg skuleveg/trygt nærmiljø

På førre FAU møte blei det tatt opp at det var nokre elevar som føler seg utrygg på skulevegen. Elevrådet har diskutert det, og har forslag om at foreldre kan stå vakt langs skulevegen.

Foreldra vert oppfordra til å gå tur i nærmiljøet, og gjerne snakke med barn og unge som er ute.

Skulen har aktivitetar på tvers av trinn, for å bygge relasjonar mellom elevane.

Elevane på 7. trinn oppleves ikkje som elevar som gjer skulekvardagen utrygg for andre på skulen. Elevane på 7. trinn er gjerne ikkje klar over at andre elevar er redde for dei. Dei kan snakke om dette på 7. trinn.

Elevrådet kan ta en runde i klassane for å snakke om trygg skuleveg.

4) **Eventuelt**

Ingen saker